


KVITESEID



SOKN

ÅRSMELDING 2025



ÅRSMELDING 2025 for Kviteseid sokn

1. KORT OPPSUMMERING OM DRIFTA

Kyrkjeverje Kristen Salmelid slutta i jobben ved utgangen av juni i 2025, etter å ha hatt jobben sidan februar 2016. Maria Nese Taxerås blei tilsett som ny kyrkjeverje frå august 2025. Ho gjekk ut i fødselspermisjon i eitt år frå 1. november 2025, og Jon Svartdal blei tilsett som vikar i stillinga frå same dato. Med minimal overlapping har det vore mangelfull kontinuitet når det gjeld kunnskap om lokale tilhøve i denne jobben. Soknet var utan trusopplærar i 2025. Dette førte til at andre i staben, frivillige og eksterne måtte gjera ein del ekstra arbeid, i tillegg til den store innsatsen dei elles gjer. Soknerådet rettar ein stor takk til alle. Økonomisk har året gått greitt og gav eit mindreforbruk på kr. 128 935, men det var håpa på større mindreforbruk og dermed sterkare økonomi.

2. MÅLSETJING OG ANSVAR

I «Kirkeordning for Den norske kirke» gjeldande frå 01.01.21, står det om soknerådets oppgåver:

§ 12. MENIGHETSRÅDETS OPPGAVER:

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet. ... Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.»

«Menighetsrådet avgjør om det skal tas opp offer eller foretas innsamling i kirken og forvalter de midler som blir samlet inn, bevilget eller gitt som gave til kristelig virksomhet i soknet, med mindre annet er fastsatt..»

«Menighetsrådet medvirker ved tilsetting i kirkelige stillinger etter de regler som gjelder til enhver tid.»

«Menighetsrådet innbyr minst en gang i året de tilsatte i soknet til å ta del i rådets drøftinger om menighetsforholdene og de oppgaver som foreligger.»

Kviteseid er ein eitt-sokns-kommune. Det gjer at soknerådet i tillegg til vanleg soknerådsarbeid også løyser det som er rekna som fellelrådsoppgåver:

§ 17. KYRKJELIG FELLESRÅD SINE OPPGÅVER:

Kyrkjeleg fellelråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna, utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen, fremje samarbeid mellom sokneråda og ivareta sokna sine interesser i forhold til kommunen.

Kyrkjeleg fellelråd er ansvarleg for

1. bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer
2. anlegg, drift og forvaltning av gravplassar
3. oppretting og nedlegging av stillingar som blir lønna over fellelrådet sitt budsjett
4. skaffe og drifte kyrkjekontor
5. skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring

Kommunen er ansvarleg for å «utrede» utgiftene til dette etter forslag frå fellelrådet, her soknet.

- Kviteseid sokn har i alt 6 kyrkjer og 7 gravplassar (kyrkjegardar): Kviteseid, Kviteseid gamle, Brunkeberg, Vrådal, Fjågesund og Kilen, samt Vrådal gamle kyrkjegard som ikkje er i bruk lenger.
- Kviteseid sokn hadde 5 tilsette i 2025. (Sjå meir i pkt. 5.1.) Soknerådet vurderer arbeidsmiljøet i verksemda som godt. I tillegg til dei fellelråds-tilsette, har soknet ein sokneprest som er del av staben i soknet, men tilsett og løna av bispedømerådet.
- Administrative og økonomiske oppgåver i soknet: Soknerådet utarbeider mål og planar for den kyrkjelege verksemda, forvaltar inntekter og formue etter lov og vedtak, og tek vare på soknet sine interesser. Dei praktiske oppgåvene som fylgjer av soknerådet sitt tilsynsansvar, blir utførte av dei kyrkjeleg tilsette. Kyrkjeverja er dagleg leiar for verksemda og er sakshandsamar for soknerådet.

3. SOKNERÅDET SINE MEDLEMMER

Soknerådet sine medlemmer i 2025: Marit Sørby (leiar), Knut Gjersund (nestleiar), Sigrun Garvik Moen, Astrid Breivik, Dagfinn Køhn, Solveig Aabø Løfgren, Trond Andreas Fjågesund og Anne Oddny Foldøy. Sokneprest i rådet: Sigrun Lønning Solvang. Kommunerepresentant: Tarjei Draugedal (ordførar) med vara Jonn Foldøy.

Vararepresentantar er: 1. vara som stiller på møta Ida Elisabeth N. Sigurdslid, Geir Helge Susort, Jorunn Simonsen Jan Rune Bjørnson og Monica Haugstøl.

Det er god kjønnsbalanse i soknerådet,

4. SAKER I SOKNERÅDET

Soknerådet handsama 52 saker i 2025. Desse var fordelte på 10 møte. I tillegg var det på soknerådsmøta mykje informasjon med ulike nemningar i sakskartet.

5. MEDARBEIDARAR

5.1. TILSETTE

Soknerådet hadde i 2025 ansvar for 3,2 årsverk fordelt på fem tilsette i arbeid. Trusopplærarstillinga har i 2025 vore ubemanna.

Dei fast tilsette ved utgangen av året var:

- Maria Nese Taxerås: Kyrkjevevje i 100 % stilling, tilsett august 2025, fødselspermisjon frå 01.11. Vikar frå 01.11. Jon Svartdal.
- Olav Holm: Organist i 70 % stilling, tilsett 2019.
- Jan Gunnar Haugen: Fagarbeidar (kyrkjegardsarbeidar og kyrkjetenar) i 45 % stilling, tilsett i 2000.
- Håkon Heggveit: Fagarbeidar (kyrkjeteinar og kyrkjegardsarbeidar) i 50 % stilling, tilsett i 2013.
- Bjørn Stian Sigurdslid: Fagarbeidar (kyrkjeteinar og kyrkjegardsarbeidar) 55% stilling, tilsett frå aug. 2020.

Sokneprest Sigrun Lønning Solvang er ein del av den lokale staben. Ho er tilsett av bispedømerådet, for teneste i Øvre Telemark prosti, med Kviteseid sokn som særskilt arbeidsområde. Prosten er soknepresten sin næraste overordna. I feriane i 2025 vikarierte sokneprestane i Seljord og Kviteseid for kvarandre.

Sokneprest og kyrkjevevje leier det daglege arbeidet i soknet, og sidan bae dei faste tilsette i desse stillingane er kvinner er kjønnsbalansen nokolunde ivareteken. Det er sjeldan kvinner søker på jobb som kyrkjeteinar/kyrkjegardsarbeidar.

I tillegg har soknet tilsette som vi deler med sokn i fleire kommunar, og som har kontorplass utanfor kommunen vår:

- Eilev Erikstein: Prostidiakon i 100% stilling. Stillinga er felles for sokna i Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje. Den stillinga styrast av Diakonaten og er administrativt og økonomisk lagt til Tokke Kyrkjelege Fellesråd.
- Kviteseid sokn finansierer delvis tilsette i det prostibaserte ungdomsarbeidet Ønsket & Elsket. Desse stillingane er delvis finansiert av bispedømerådet og resten av sokneråda i prostiet.

5.2. UTVAL, KOMITEAR OG REPRESENTASJON

Kyrkjelydsutvala fordeler praktiske oppgaver knytt til gudstenester og bruk av kyrkja. Dei stiller kyrkjevertar som ynskjer velkommen i døra, ordnar blomar til altaret og steller til kyrkjekaffi.

Brunkeberg: I 2025 var det ikkje eige kyrkjelydsutval i Brunkeberg i drift. Knut Gjersund og Geir Helge Susort frå Soknerådet har tatt ansvar som kyrkjevertar frå hausten 2025.

Fjågesund: Aud Turid Fjågesund (leiar), Gunn Karin Eikåsen, Monica Haugstøl og Anette Gravir Rønningen.

Kilen: Har ikkje eige kyrkjelydsutval.

Kviteseid: Lisbeth Farmen Aabø (leiar), Kirsti Breidalen Skjæveland, Sigrun Garvik Moen og Solveig Aabø Løfgren.

Vrådal: Marit Sørby, Jan Gunnar Breivik og Astrid Breivik.

Vi har hatt ansvar ved 11 gudstenester i 2025, deriblant ute-gudstenesta Kr. Himmelfartsdag på Vrådal gamle kyrkjegard. Der serverer Marit rømmegraut. Vi fordeler ansvaret for velkomst, blomar og kyrkjekaffi greitt mellom oss etter tur. Vi har søkt og fått positivt svar på å fjerne/snu benkar bakerst i kyrkja. Dette arbeidet skal bli gjort 2026 av kyrkjetenarane. Vi ser fram til å få betre plass til kyrkjekaffi/samtale. For å kompensere for sitteplassar vi tek bort, blei det foreslått å flytte nokre av dei ekstra klappstolane som står i Kviteseid kyrkje opp til Vrådal.

For Vrådal kyrkjelydsutval, Astrid Breivik, leiar.

Utval for kyrkjeleg undervisning og læring (KUL-utvalet): Astrid Breivik (leiar), Jonathan Skree Moe (sekretær), Benedikt Nødland, Sigrun Egeland Bakken, Tone Straand, Vidar Syrtveit Mikalsen og soknepresten.

Diakoniutval: Gunhild Dobbe, Kirsti B. Skjæveland, Ellen Katrine Køhn, Åsa Wendel, Marit Sørby, Ingrid Grestad, Gunhild S. Breidalen.

Gudstensteutval: Astrid Breivik, Dagfinn Køhn, organist Olav Holm og soknepresten.

Kulturutval: Thorbjørn Emdal, Anne Oddny Foldøy og organist Olav Holm (leiar og sekretær av utvalet). Jan Haugen vikarierte for Olav Holm det meste av hausten.

Andre komitéar og representasjonar:

- Komité for Godhetsveka 2025 –Kristen Salmelid møtte for kyrkja.
- Komité for fellesmøte 2025 – Sigrun Lønning Solvang møtte for kyrkja.
- Komité for kyrkjelydsbasaren 2025 – Dagfinn Køhn, Kirsti Skjæveland, Gunnhild Dobbe og Marit Sørby.
- Komité for konfirmantfest 2025 i Kviteseid – Knut Gjersund, Dagfinn Køhn, Sigrun Garvik Moen, Solveig Løfgren og Astrid Breivik.
- Redaktør for kyrkjebladet – Dagfinn Køhn, i redaksjonen Øyvind A. Jørgensen.
- Fasteaksjonen – soknerådet organiserte bøsseaksjon med god hjelp av konfirmentar og føresette.
- Prostirådet – Soknerådsleiar Marit Sørby var soknerådet sin representant.
- Kirkens SOS Telemark – Marit Sørby var soknerådet sin kontakt men kunne ikkje stille.
- Årsmøte for Diakonaten i Vest-Telemark – Hanne J. Roholdt og Marit Sørby var utsendingar frå soknerådet.

Det er overskot av kvinner i utval og komitear, og det er eit ønskje å få betre kjønnsbalanse. Vi har registrert eit stort antal frivillige som gjer ein god innsats.

6. VEDLIKEHALDSARBEID OG PROSJEKT MED BYGG OG ANLEGG

6.1. INVESTERINGSPROSJEKT:

- Minnelund i Kviteseid blei fullført, offisiell opning 02.11. etter messe etter messa Helgemessesundag.
- Ny ytterdør og nytt teppe til Vrådal kyrkje kom på plass våren 2025.

6.2. NYTT OG REPARASJON AV INVENTAR, UTSTYR OG ANNA

- Årskontrollar og serviceavtaler:
 - Brann- og innbrottsvarsling ved Dyrud
 - Store årlege kostnader pr varslingsanlegg til Sør-Øst 110, og til AddSecure
 - Brannslökkingsapparat og slanger ved Midt-Telemark Brannservice
 - Kyrkjeklokkene ved Olsen Nauen Klokkestøperi
- Avtaler om snøbrøyting og strøing ved behov ved alle kyrkjer

6.3. DUGNAD OG ARBEID PÅ KYRKJEGARDANE:

Det vart som vanleg utført annonsert oppryddingsarbeid og dugnad på kyrkjegardane om våren. Takk til alle som deltok. I Fjågesund er dugnaden rundt kyrkja og ikkje på kyrkjegarden.

Avtaler om planting og stell: Vi hadde 23 avtaler om gravstell.

7. ØKONOMI

Hovudinntekta til soknerådet er tilskot frå kommunen. Tilskot frå staten via bispedømet, dekkar delar av kostnadane til trusopplæring. Anna inntekt er hovudsakleg festeavgift, kollektar, trekk frå gravlegata for planting, jolemesse, gåver til kyrkjebladet, faste gåver, momsrefusjon og sjukelønsrefusjon.

Rekneskapen i sin heilheit er i eige dokument.

Rammeoverføringa frå kommunen til drift var i 2025 på kr. 4.059.700, mot kr. 3.886.200 året før. Tenesteytingsavtala var kr 398.000, ein auke på kr. 19 000. Den er ført både som inntekt og utgift, og er berre ei synleggjering av tenester som kommunen yter utan å fakturere særskilt for det.

Driftsrekneskapen

Inntektene blei kr. 457 457 høgare enn budsjettet, og utgiftene blei kr. 345 561 høgare enn budsjettet. Det førte til eit brutto driftsresultat på kr. 126 896 før ein tek omsyn til renteinntekter og avdrag på billån, og eit rekneskapsmessig netto mindreforbruk på kr. 128 935 (overskot) etter det.

Det var håpa å få større mindreforbruk sidan vi ikkje har hatt trusopplærar dette året, endå det var budsjettet med det. Noko av grunnen til store avvik på budsjettpostane er at det har vore sjukmeldingar og permisjonar. Lønskostnadane med sosiale utgifter var kr. 257 795 høgare enn budsjettet, fordi vi har måtta lønne vikarar i tillegg til dei med fast løn. Men det blei vege opp for med sjukelønsrefusjon kr. 382 891 som ikkje var budsjettet med.

NAV dekkar ikkje pensjonsutgiftene vi har på den sjukmelde, og ved innleige av vikar blir det dobbelte pensjonsutgifter dersom ikkje vikaren jobbar for pensjonistløn. Pensjonsinnskotet var i 2025 om lag 17% av løn, og pensjonsutgiftene blei kr. 174 264 meir enn budsjettet. Dei vikarane vi har hatt for kyrkjevevje og organist er det ikkje pensjonsutgifter på.

Det blei kjøpt varer og tenester for kr. 61 156 meir enn budsjettet. Noko av det er eigenandel forsikring på skade etter lynnedslag på Kviteseid gamle kyrkje, kr. 50 000.

Investeringsprosjekta

Det var ikkje laga investeringsbudsjett for 2025. Utgifter som reknast som investeringar var ferdigstilling av minnelund i Kviteseid på kr. 110.113, og oppgradering ved Vrådal kyrkje på kr. 156 623. Dette blei dekt av tidlegare års u-disponert forbruk frå investeringsrekneskapen.

Eigenkapitaltilskotet til KLP på kr. 12 895 var det heller ikkje budsjettert med. Det skulle uansett vore laga eit eige budsjett for investeringar i 2025.

Balanserekneskapet viser sum eigedelar (anleggsmidlar og omløpsmidlar) er kr. 15 853 642, (2024: kr. 16.234.868) Dette balanserer med sum eigenkapital og gjeld.

Den økonomiske stillinga til soknet er tilfredsstillande. Soknerådet har forvalta dei tilgjengelege midlane i 2025 på ein rimeleg måte, men fekk ein del utgifter som ein måtte ta for å ha forsvarleg drift, og som ein ikkje såg då budsjettet blei laga.

8. SOKNERÅDET SITT ARBEID

8.1. GUDSTENESTELIVET I SOKNET

Forordninga

Som tidlegare år hadde Kviteseid sokn 52 gudstenester forordna frå biskopen. Desse var fordelte på sundagar og høgtidsdagar gjennom året i dei ulike kyrkjene etter ein fordelingsnøkkel som følgjer forordninga i vedtak av 13.02.2025. I tillegg hadde vi 7 gudstenester som ikkje var forordna. Ein søndag i månaden er det ikkje gudsteneste i soknet.

Gjennomsnittleg frammøte og nattverdsgjester har halde seg rimeleg stabilt gjennom året i alle kyrkjene gjennom fleire år. Det var i gjennomsnitt 64 frammøtte på gudstenestene.

Særlege gudstenester

Vi har halde fram med familiegudstenester rundt ein gong i månaden i Kviteseid, og rundt ei gudsteneste pr. semester i Brunkeberg og Vrådal. Vi har hatt utdeling av dåpsgåver til 1-3-åringar på «Krølle-gudsteneste», 4-årsbok og adventskalender til 5-åringar i samband med familiegudstenester. Friluftsgudsteneste på Vrådal gamle kyrkjegard Kristi himmelfartsdag, samla og mykje folk. Her var det som vanleg kyrkjekaffi med servering av heimelaga graut.

Av andre særlege gudstenestetilbod kan nemnast Taizé-bøn i fastetida, nattverd-gudstenester på KOS og kveldsmesser torsdagar i juli i gamlekyrkja. Me hadde og ei eigen messe i gamlekyrkja i samband med Olsok, som var godt besøkt.

I tillegg blei det halde 20 andaktar på institusjonane.

Frivillige og konfirmentar

Kyrkjelydsutvala er gode medhjelparar som følgjer opp praktiske oppgåver rundt i kyrkjene i soknet. Som før er det mange frivillige som er involverte i sjølve gudstenesta med oppgåver som klokkar, kyrkjevert, tekstlesing, styre bilete til skjerm, evangelieprosesjon, drama, musikk, song, kyrkjekaffi med meir. Konfirmentane har teneste som ministrantar haust og vår. Konfirmentane førebur òg samtalegudstenesta i samarbeid med prest og organist. Det var 12 konfirmentar dette året, det er litt under gjennomsnittet dei siste fem åra.

8.2.Trusopplæringa

KUL (Kyrkjeleg undervisning og læring) UTVALET.

Medlemmer: Astrid Breivik(leiar), Jonathan Skree Moe(sekretær), Benedikt Nødland, Sigrun Egeland Bakken, Tone Straand ,Vidar Syrtveit Mikalsen og sokneprest Sigrun Lønning Solvang. Vi har hatt 2 møte i 2025.

Hovudsaker har vore:

1. Oppstart av «Krølle-gudsteneste». Gudsteneste spesielt tilrettelagt for 1-2-3-åringar med utdeling av dåpsgåver tilpassa aldersgruppa. Tenkt som eit prøveprosjekt over ein periode på tre år. Soknepresten har hovudansvaret, og utvalet hjelper til under gudsteneten.
2. Deltaking på Lys vaken og Tårnagenthelg. Her har Berthe Tysvær Heggli frå Fyresdal vore innleigd som trusopplærar, og hatt hovudansvaret for opplegget. Utvalet har støtta med praktisk hjelp og mat. I tillegg fekk vi god hjelp av 8 vg.1 elever frå Kvitsund Gymnas under Lys vaken arrangementet. Begge arrangementa vart avslutta med familiegudsteneste på søndagen i samarbeid med sokneprest.
3. Oppstart av «Superonsdag» i Vrådal.
Vi har fått til eit samarbeid mellom Vrådal Sanitetslag, Vrådal idrettslag og kyrkja. Kvar første onsdag i månaden er det middagsservering på klubbhuset til ein billig pris. Ansvar for matlaginga går på omgang mellom laga. Kyrkja har alltid ansvar for velkomst, bordvers og barnesongar.
Det blei 3 middagar hausten -25. Mellom 50 og 70 deltok kvar gong.
Planen er å halde fram i 2026. Sluttar av til påske, men køyrer ein utanom tur under bispevisitasen i april.
4. Vi har søkt om midlar frå Kviteseid Fram. Etter purring har vi enno ikkje fått svar.
For KUL – utvalet, Astrid Breivik, leiar.

Medlemmer og døypte:

Vi hadde til saman 1 639 medlemmer av DNK i 2025, som er 66,5% av innbyggjarane. Av dei 243 mellom 0-19 år, i snitt 12,8 pr årskull. Tilskotet til trusopplæring frå Kyrkja via bispedømet, er ikkje knytt opp mot dette talet, men heng saman med vedtak i Kyrkjerådet i forhold til statstilskotet.

Økonomi trusopplæring:

Rekneskapen for alt vedrørande trusopplæring blir rapportert årleg til Bispedømekontoret før neste års tilskot blir utbetalt. Inntektene i 2025 var kr. 174 000 i tilskot og betaling frå deltakarar kr. 35 000.

Dåp med oppfølging:

- *Dåpssamtaler* - Det vart gjennomført dåpssamtaler for dåpsborna som budde i soknet. Dei som er busett andre stader hadde dåpssamtale lokalt, slik ordninga er. Det blei utført 13 dåpar.
- *Ei eiga dåpsgudsteneste* i Brunkeberg.
- *Dåpsgåve* - Utdeling til 1-3 åringar på Krølle-gudsteneste våren 2025.
- *4-års bok* – utdeling på to gudstenester hausten 2025. Fireåringar fekk bok enten på gudsteneste eller levert.
- *Adventskalender til 5-åringar* – Utdeling på familiegudsteneste i Kviteseid kyrkje fyrste sundag i advent til dei 5-åringane som var til stades.

Kontinuerlege grupper:

- *Babysong/småbarnstreff* på Misjonshuset kvar torsdag. Leia av blant andre Cecilie Austjore Hosum, Åsa Wendel og Ellen Eggebø Jore.

- *Barnegospel* øver annankvar torsdag på Misjonshuset. Førskule-3. klasse. Song på gudstenester og andre møte. Tilslutta Acta. Ansvarleg: Ellen Eggebø Jore på våren, Katarina Ramona Aasgard på hausten.
- *Vest-Telemark Soul Children* øvde i Kviteseidhallen annankvar veke, og på Betel på hausten. 10-15 år. Song på gudstenester og andre møte. Tilslutta Acta. Ansvarleg: Olav Holm på våren, Åsbjörg Hægeland på hausten.
- *Kviteseid speidargruppe*: Speidarane hadde aktivitet dei fleste måndagar, ute eller inne. I tillegg reiste speidaren på ulike turar og leirer. Speidaren er eit samarbeid mellom Kviteseid misjonskyrkje og Kviteseid sokn. 6-15 år. Ansvarleg: Ane Holm, Hans Kristian Aabø, Vidar Syrtveit Mikalsen og Justin Dean m. fleire.

Konfirmant-arbeid:

Konfirmantar 2024/25: 12 konfirmantar følgde undervisninga frå hausten 2024 og vart konfirmert våren 2025.

- Konf.treff i Seljord arrangert av Ønsket og elsket.
- Skulegudsteneste for Kviteseid skule. Her deltok konfirmantane med tekstlesingar, lystenning og jolespel.
- Overnattingstur til Lønnegraff eitt døgn i samarbeid med Fyresdal-konfirmantane og Fyresdal-presten.
- Fasteaksjonen lokalt – konfirmantane gjekk frå dør til dør med bøsser til godt resultat.
- Pilegrimsvandring frå Heia i Vrådal, til Kviteseid gamle kyrkje. (Postvegen)
- Samtalegudsteneste i Brunkeberg og konfirmantfest på Misjonshuset i Kviteseid etterpå.
- Konfirmasjonar i Brunkeberg, Kviteseid og Vrådal kyrkjer.
- Sommarleir på Gjennestad, arrangert av Ønsket og elsket.

Konfirmantane har elles hatt teneste som ministrantar på gudstenester haust og vår i kyrkjene dei soknar til.

8.3. MISJONSPROSJEKT OG ANDRE OFRINGAR:

Samla sum av offer ved gudstenester var kr. 190 000. Av dette gjekk kr. 61 000 til eigne føremål og kr. 129 000 blei sendt til eksterne, og av dette var kr. 28 000 kontantar ved Fasteaksjonen. Vi hadde også fast gjevarteneste til eigne føremål som utgjorde kr. 67 000. Frå og med 2025 er nytt misjonsprosjekt Stefanusbarna og Anastasia utdanningssenter i Egypt. Dette er i regi av Stefanusalliansen som er ein misjons- og menneskerettsorganisasjon med særleg fokus på trusfridom. Vi sende samanlagt kr. 25 000 til dei i 2025, som ein del av det til eksterne. Det har såleis samla sett blitt gjeve kr. 257 000 til kyrkjeleg føremål og av dette gjekk kr. 128 000 til Kviteseid sokn, der over halvparten var fast gjevarteneste.

8.4. DIAKONI:

DIAKONIUTVALET

Medlemmer: Gunhild Dobbe, Kirsti B. Skjæveland, Ellen Katrine Køhn, Åsa Wendel, Marit Sørby, Ingrid Grestad, Gunhild S. Breidalen.

Møtedatoar: 16. januar Diakoniutvalet, 19. mars Diakoniutvalet og Besøksteneste, 9. september Diakoniutvalet og Besøksteneste, 13. november Diakoniutvalet og Besøksteneste.

Diakon Eilev Erikstein var med på tre av møta.

Diakoniens dag: I Brunkeberg kyrkje 12. januar.

Fasteaksjonen: 8. april, servering av bollar og drikke til konfirmantane.

Føremiddagstreff: 7 samlingar på Misjonshuset kl. 11-13. Servering av mat og kaffi, utlodding. Andakt ved Sigrun Lønning Solvang, Eilev Erikstein og Thor Egil Abrahamsen.

Sommartreff med 28 gjester på Bygdetunet 25. juni. Song og musikk ved Herdis og Øyvind Jørgensen. Servering av mat og drikke. Andakt i gamlekyrkja ved Øyvind Jørgensen.

Adventsamling: 3. desember kl. 11 i Kviteseid kyrkje. Servering av graut, kake og kaffi ved langbord i midtgangen. Andakt ved Åsbjørge Hægeland. Song og musikk under leiing av Dagfinn Køhn. Song av Maria J. B. Skjæveland.

Bebuarane på Lundenjordet: Vårfest på Misjonshuset 4. juni kl. 18. Servering av smørbrød, kaffi og kaker. Andakt song og musikk. Kjell Lindheim, Øyvind Jørgensen, Eilev Erikstein og Sigrun Lønning Solvang var med.

Førjolsfest 17. desember på Misjonshuset. Servering av smørbrød, kaffi og kaker. Andakt song og musikk. Kjell Lindheim, Øyvind Jørgensen, Eilev Erikstein og Sigrun Lønning Solvang var med. Nissen kom på besøk.

Midtsundtoppen: Besøk kvar månad med prest og organist. Andakt, song og musikk, matsservering og koseleg prat.

Konfirmantane: Servering av tomatsuppe og rundstykke i kyrkjestoga før undervisninga.

Blomehelsingar: Til runde og halvrunde tal frå 80 år og oppover. Det var 33 besøk.

Temamøte på KOS: Hanne Roholt har saman med 1-2 frå Saniteten i Vrådal hatt 8 samlingar på KOS. Tema: Hund, Kakebakst og redskapar, Påskepynt, Frø og Planter, Stell av tøy redskapar, Poteter - redskapar – konkurranskreiling mellom dei tilsette. Joletradisjonar: kort, hefte, joletreffest.

Målsetting: Gode opplevingsar, kjenne seg att frå arbeidsliv og fritidsinteresser, aktivisering av minne og gløymde ord, glede ved å fortelje frå eige liv, samtale med personalet. Det var 17 bebuarar på siste møte.

Babysong: Kvar torsdag kl. 11 – 13 på Misjonshuset. Vårsemesteret blei leia av Olav Holm, Inger Holm og Ellen Jorde. Haust semesteret blei leia av Ellen Jorde, Cecilie A. Hosum og Birgitte Danielsen. Åsa Wendel servera føremiddagsmat kvar gong. Samarbeid med Frivilligsentralen.

Helgemesse: Kviteseid kyrkje 2. november kl. 11 ved Eilev Erikstein. Invitasjon til alle som har mista nokon siste året. Etter messa var alle velkomne til samling på Misjonshuset til mat og kaffi. Eilev Erikstein var der. Song av Jan Haugen og Kristin Kleiv. Denne dagen var det open kyrkje i Kviteseid kl. 15 – 17, og i Vrådal kl. 16 – 18.

For Diakoniutvalet, Kirsti Breidalen Skjæveland

Prostidiakonen

Eilev Erikstein viser i sin årsrapport til arbeidet han har gjort i Vest-Telemark siste året.

Her er eit utdrag frå det som gjeld berre Kviteseid, frå årsrapporten til diakonen:

- 143 samtalar
- Deltaking på ulike diakonale arrangement og tiltak:
 - Diakonidag i Kviteseid kyrkje
 - Leia Helgemessegudstenesta
 - Delteke på open sorggruppe med deltakarar frå Kviteseid, Vinje og Seljord.
 - Starta Enkemannsgruppe i Kviteseid (Tre samlingar med 11 deltakarar)
 - Vore med konfirmantane på pilegrimsvandring til Kviteseid gamle kyrkje
 - Andakt på to føremiddagstreff på Misjonshuset
 - I lag med lærar Hamish Moore på Kvitsund Gymnas leia "Guys – Group" (2 gonger med 8 deltakarar).
 - Med på organisering og markering av FN sin Internasjonale Flyktningdag i Vrådal.
 - Delteke på to diakoniutvalsmøte og vore med på vegleiingskveld for besøkstenesta i Kviteseid.
 - Delteke på Adventsfest for Lundenjordet arrangert av diakoniutvalet
 - Delteke på Pilegrimsvandring med Kvitsund Gymnas (1 dagar til Røldal).
 - Vore med dagsenteret på Midtsundtoppen på to turar
 - Delteke på Trygg i Vatn-dag for Ungdomskulen i Kviteseid
 - Delteke på ei VIP- samlinga på Kvitsund.

- Medansvarleg for Vandring med håp i Vrådal, som er ei markering av FN sin flyktningsdag i juni og førjulsamling for flyktingar på Straand Hotel (i regi av TIRU) og yrkesmessa på Straand Hotel i regi av Smaken av Fjell-Telemark.
- Delteke på og leia fire møte i Psyko- sosialt kriseteam
- Leia 7 gravferder i Kviteseid
- Leia Etisk – refleksjonsgrupper i Heimesjukepleia og KOS (5 samlingar med 33 deltakarar)
- 2 soknebod

Kviteseid sokn er svært takksam for Eilev si omfattande teneste, med mange besøk i Kviteseid.

SPRÅKKAFFÉ

Vårsemesteret hadde vi 6 møter, den siste var sammen med Straand Hotell i Vrådal.

Kristen Salmelid var leder, og Marit Sørby kokte suppe. Vi var ca 30 hver gang, flest Ukrainere. Vi var mellom 4 og 6 nordmenn hver gang.

Høstsemesteret var det 5 møter. Det siste med ett samarbeid med Straand Hotell i Vrådal.

I høstsemesteret ble Marit Sørby leder, og hun lager fortsatt suppe. Ellen Katrine Køhn er med å lager suppe og nå blir den laget på Misjonshuset. Nå er det mellom 20 og 25 personer hver gang, fortsatt flest ukrainere. Vi kunne trengt flere nordmenn.

Eilev Erikstein var med oss en gang i høstsemesteret, noe vi satt stor pris på.

Språkkaffen er et samarbeid mellom Fredheim, misjonshuset, Betel, Frivillighetssentralen, flyktningskonsulent og den Norske kirke, noe som er fantastisk, og vi vil i 2026 få med oss noen som kan fortelle litt hva de driver med.

Marit Sørby

Godhetsveka 05. – 09 mai 2025

Dette er eit prosjekt på tvers av menigheter for å hjelpe folk som treng litt hjelp. Pinsemenigheten Fredheim har i stor grad organisert dette. Det har blitt jobba dugnad om lag 300 timar, med 75 bidragsytarar til 41 oppdrag på ein eller annan måte. Det er inklusiv komiteen og bakarar. Omtrent like mange vaskeoppdrag som hageoppdrag. Det er positivt å ha med 20 Kvitsundelevar til å jobbe, men samtidig er det litt vekslende engasjement hos nokon av dei som “må” vera med p.g.a. obligatorisk praksis. Tilbakemeldingane etter veka er positive i år også, men det er ein liten nedgang i aktiviteten frå året før. Det har ikkje vore så lett å få folk til å stille opp.

8.6. KULTURARRANGEMENT, SPESIELLE MESSER OG ANNA:

Gudstenester (spesielle)	
12. januar	Diakoniusundag Brunkeberg kyrkje
2. februar	«Krølle-gudsteneste» i Vrådal kyrkje der 1-2-3 åringar var spesielt inviterte
26. mars	Taizebøn i Kviteseid kyrkje
6. april	Solidaritetsgudsteneste og Fasteaksjon, Kviteseid
6. juli	Felles gudsteneste med Lunde og Flåbygd i Kilen kapell
Juli	4 kveldsandakter i Kviteseid gamle kyrkje.
29. juli	Olsokmesse i Kviteseid gamle kyrkje
10. august	Friluftsmesse i Ordal
24. august	Speidargudsteneste Kviteseid dagen Kviteseid gamle kyrkje
Felleskyrkjelege arrangement (Kyrkja, Betel, Fredheim og Misjonshuset)	
19. januar	Felles familiemøte på Misjonshuset
7.-9. mars	Fellesmøtehelg med Thor Haavik som talar
11. mai	Godhetsgudsteneste som avslutning av Godhetsveka
28. september	Felles songmøte med lokale krefter, i Kviteseid kyrkje
Bøn for Kviteseid siste tysdag i månaden har vore arrangert dei fleste månader på Misjonshuset	

28. september	Felles songmøte med lokale krefter, i Kviteseid kyrkje
Bøn for Kviteseid siste tysdag i månaden har vore arrangert dei fleste månader på Misjonshuset	
Konsertar og liknande.	
1.juni	Vårkonsert med Lina Haugholmen, Svetlana Sheytanova og Laila Karlsen Taraldlien i Vrådal kyrkje.
21. september	Salmekonsert med Lina Haugholmen og Jarle Aabø i Kviteseid kyrkje.
23. november	Jubileumskonsert med Kim Rysstad og Kviteseid Hornmusikk i Kviteseid kyrkje.
14. desember	Tradisjonell adventskonsert i Kviteseid kyrkje med bygda sine kor og korps.
18. og 19. des.	Jolekonsert med Symre Taugbøl Bang med vener. Brunkeberg og Vrådal kyrkjer.
Anna	
9. juni	Soknemøte (årsmøte), i Vrådal kyrkje
27. april	Felles diakonisundag for Vest-Telemark i Vinje
29. november	Kyrkjelydsbasar på Misjonshuset til inntekt for Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid

8.8. KYRKJEBLADET

Kyrkjebladet kom ut med 3 nummer i 2025, i sin 60. årgang. Dagfin Køhn var redaktør med Øyvind Jørgensen i redaksjonen. Det har kome inn kr. 26 000 i stønad på kyrkjebladet.


Kviteseid sokn forureinar ikkje det ytre miljøet med utslepp.

Grunnlaget for vidare drift er til stades.

9. GODKJENNING

Årsmeldinga vart handsama og godkjent av soknerådet 4. juni 2026

Kviteseid, dato 4. juni 2026



Marit Sørby

Leiar, Kviteseid Sokneråd



Jon Svartdal

Kyrkjeverje

